

Arkivreferanse: 2021/5462  
Ansvarleg direktør: Øyvind Bakke  
Saksbehandlar: Jorun Bøyum

## SAKSFRAMLEGG

---

**Saksnummer**   **Møtedato**   **Utval**  
Styret i Helse Møre og Romsdal HF

### Vedtakssak – Etablering av Vardesenter i Helse Møre og Romsdal HF

#### Forslag til vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal gir tilslutning til etablering av Vardesenter ved Ålesund sjukehus under føresetnad av at Kreftforeningen fattar eit positivt vedtak i sitt styre og at ekstern finansiering er på plass.

Ålesund, 18. august 2021

Øyvind Bakke  
adm. direktør

## **ETABLERING AV VARDESENTER I HELSE MØRE OG ROMSDAL HF**

### **1. Føremål med styresaka**

I denne styresaka vert styret invitert til å slutte seg til etablering av Vardesenter i Helse Møre og Romsdal lokalisert ved Ålesund sjukehus.

### **2. Bakgrunn**

Kreftavdelinga lokalisert i Ålesund vart teken i bruk primo 2004. Avdelinga inneheld sengepost, palliative team, poliklinikk, stråleterapiseksjon og pasienthotell som ligg vegg i vegg med resten av tilboda. Tilboda i Ålesund, dei palliative teama og poliklinikkane i Kristiansund, Molde og Volda er no organisert i Klinik for kreftbehandling og rehabilitering (KKR) Helse Møre og Romsdal. I tillegg er det etablert Pusteromstolbod både i Ålesund og Kristiansund.

Helseføretaket sine kreftseksjonar har som visjon å vere «den beste kreftavdelinga i Noreg». Avdelinga har svært gode resultat på mange område og arbeider målretta for å nå sine vedtekne mål og sin visjon. Eit av avdelinga sine delmål er å vere best på rehabilitering inkludert trening, kosthald, samlingar for etterlatne, kurs for pasientar og pårørande og undervisning.

For ytterlegare å betre tilbodet til kreftpasientane ønskjer adm. direktør å etablere eit Vardesenter knytt til kreftavdelinga og lokalisert ved Ålesund sjukehus i eit 2-parts samarbeid med Kreftforeningen. Ei slik etablering er forankra i eigen prosjektplan som avdelinga ferdigstilte i 2018.

### **3. Kva er eit Vardesenter**

Kreftforeningen i Norge definerer mellom anna Vardesenter slik:

*«Vardesentrene er etablert av Kreftforeningen og helseforetakene, og har som formål å være møteplasser for kreftpasienter og pårørende med aktiviteter som fremmer livskvalitet, velvære og mestring».*

Kreftforeningen har tidlegare prioritert etablering av Vardesenter berre ved universitetssjukehus i tillegg til ved sjukehuset i Bodø. Kreftforeningen omtalar no Vardesenter som eit av dei viktigaste tilboda dei ønskjer å vidareutvikle. Kreftforeningen har etablert eigen Vardesenterstrategi 2021-2023 med fem delmål for strategiperioden:

- utvikle og drifte relevante tilbod i samarbeid med helseføretaka, slik at dei treff kreftpasientane og pårørande sine behov.
- forsterke Vardesenteret si rolle som eit relevant og viktig tilbod til kreftpasientar og pårørande i heile pasientforløpet.
- stimulere til at aktive og kompetente frivillige og likepersonar i endå større grad bidreg til drift og aktivitetar ved Vardesentra.
- arbeide for å gjere Vardesenter til eit synleg tilbod, for å til å skape engasjement og givarglede i befolkinga.
- inngå partnerskap med fleire helseføretak for å etablere fleire Vardesenter.

### **4. Innhald i det planlagde Vardesenteret i Helse Møre og Romsdal HF**

Tilbodet ved helseføretaket sitt Vardesenter vil ta utgangspunkt i dei fire pilarane som går fram av Kreftforeningen sin Vardesenterstrategi: Fysisk aktivitet, kosthald og ernæring, psykososial støtte og rehabilitering/meistring. Kreftavdelinga ønskjer sterkt å vere med på å til å vidareutvikle og styrke tilbodet i eit Vardesenter ved aktivt å involvere seg i senteret si drift. Dette kan ein oppnå mellom anna ved følgjande tiltak der fagpersonell frå helseføretaket, frivillige, likepersonar og evt. tilsette i Kreftforeningen samarbeider om følgjande som skal byggast inn i pasientforløpa:

- Kurs og nye læringsarenaer for kreftpasientar og pårørande
- Styrke tilbodet om fysisk aktivitet og rådgeving om kosthald til kreftpasientar

- Organiseringa av KKR har lagt til rette for tverrfagleg samarbeid, t.d. ved etablering av felles forskingskomité og forskingsstrategi. Prosjekt med felles forskings- og fagutvikling innan område som rehabilitering, fysikalsk medisin, revmatologi og kreft er planlagt gjennomført ved Vardesenteret.
- Ved Ålesund sjukehus er det etablert eit onkogeriatrisk tilbod. Hovudmålsettinga er å redusere unødig bruk av kjemoterapi til eldre kreftpasientar. Delar av gjennomføringa og vidare utvikling av eit slikt tilbod vil bli lokalisert til Vardesenteret.
- Basert på Stortingsmelding nr. 24 (2019-2020) gir helseføretaket eit palliativt tilbod også til andre pasientgrupper enn kreftpasientar. Ei slik «bredding» av palliasjon vil kunne forankrast i eit Vardesenter; både som arena for planlegging/samarbeid og for undervisning til helsepersonell.
- Etablering av eit tverrfagleg, heilskapleg tilbod innan diagnostikk, behandling, rehabilitering og oppfølging av pasientar som overlever kreft. Dei med seinskader etter kreftsjukdom og kreftbehandling vil få eit viktig tilbod. Denne pasientgruppa har få etablerte tilbod i Noreg i dag og ingen etablerte tilbod i Helse Midt-Norge.

Dette vil også vere ei styrking av samhandling med kommunane og kreftkoordinatoriltobdet.

## 5. Lokalisering

Eit nytt Vardesenter i Møre og Romsdal er planlagt lokalisert til Ålesund sjukehus fordi ein her finn helseføretaket sin einaste spesialiserte sengepost, seksjon for stråleterapi og eit etablert Pusteromstilbod. Vardesenter ved Ålesund sjukehus er planlagt lokalisert nært opp til både kreftavdelinga sin sengepost, poliklinikk, stråleterapi og pasienthotellet. Dette er også i tråd med den bygningsmessige utviklingsplana for Ålesund sjukehus. Ein del av tilbodet vil bli gjennomført på digitale plattformer. På denne måten vil flest mogleg av aktuelle pasientar frå heile fylket kunne dra nytte av tilbodet ved Vardesenteret.

## Investeringskostnad

Vardesenteret er planlagt i området nord for og mellom kreftbygget og pasienthotellet ved Ålesund sjukehus. (Sjå vedl. teikning, vedlegg nr 1). Bygget er på brutto 126 kvm.

Samla kostnadsramme er 10,1 mnok inkludert ei usikkerheitsavsetning på 15%.

Investeringa er føresett som ein avtale mellom helseføretaket og Kreftforeningen og finansiert gjennom *fundraising*, der begge partar forpliktar seg til å hente inn frivillige økonomiske bidrag ved å engasjere enkeltpersonar, bedrifter, friviljuge organisasjonar eller offentlege etatar. Kreftforeningen står for investeringa til *fundraising* er fullført. Investeringa i Vardesenter vil dermed ikkje belaste helseføretakst sine investeringsrammer. Dersom det skulle bli uforutsette kostnader utover skissert kostnadsramme må dette dekkast av føretaket.

## 6. Driftsøkonomi

For å drifte senteret legg eit opp til netto 1 årsverk. Årlege driftskostnadar som må dekkast av helseføretakets ordinært budsjett vil vere løn inkl. sosiale kostnader og FDV-kostnader (forvaltning-, drift- og vedlikehaldskostnader). Total driftskostnad er berekna til om lag 870 000 kroner.

## 7. Adm. direktør si vurdering

Helse Møre og Romsdal har eit godt utbygd onkologisk tilbod for befolkninga i fylket. Ein stor del av tilbodet i kreftavdelinga er lokalisert ved Ålesund sjukehus, men fagleg er tilbodet organisert på tvers mellom alle dei fire sjukehusa.

Helse Møre og Romsdal og Kreftforeningen har gjennom fleire år drøfta etablering av eit Vardesenter i helseføretaket. Etter møte mellom Kreftforeningen og Helse Møre og Romsdal 26.05.21, vart det frå Kreftforeningen uttrykt stor vilje og motivasjon til å få realisert eit Vardesenter lokalisert ved Ålesund sjukehus.

Adm. direktør anbefaler at arbeidet med å få realisert Vardesenteret knytt til kreftavdelinga ved Ålesund sjukehus bør intensiverast. Føresetnaden er at finansieringa skjer via *fundraising* etter inngått avtale mellom Helse Møre og Romsdal og Kreftforeningen. Adm. direktør har vidare fått stadfesta at Kreftforeningen vil ha etablering av Vardesenter i Ålesund opp som sak i sitt styre i september 2021.

Som ein viktig premiss for etableringa av Vardesenteret, føreset adm. direktør at tilbodet vert organisert slik at det kan nyttast av pasientar frå heile fylket.